

Kunnskapsgrunnlag

Klima- og energiplan 2025-2037



Samandrag

Dette dokumentet er kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for klima- og energiplan 2025-2037. Kunnskapsgrunnlaget viser utviklinga og dagens situasjon når det gjeld klimagassutslepp, energibruk og energiproduksjon i Sykkylven.

Klima og energi må sjåast i samanheng. Dersom vi skal løyse klimautfordringane må vi samtidig ha ein plan for energi. God tilgang på elektrisitet er avgjerande for den grønne omstillinga av industri og næringsliv og reduksjon av klimagassutslepp.

I kunnskapsgrunnlaget har vi i stor grad nytta Miljødirektoratet sine statistikkar til å lage klimarekneskap for Sykkylven som lokalsamfunn. Miljødirektoratet si oversikt viser mengda av klimagassar som fysisk blir sleppt ut innanfor kommunegrensene. Denne klimarekneskapen ligg til grunn for kommunen sine klimamål for 2030 og 2050. Frå 2015 - 2023 har klimagassutsleppa i Sykkylven gått ned med om lag 10 %. Takta på utslepps-kutt må auke dersom vi skal nå klimamåla, og dess lenger vi ventar med effektfulle tiltak, dess bråare vil omstillinga bli for oss.



I tillegg til direkte klimagassutslepp for Sykkylven som geografisk område, har Sykkylven kommune også utarbeidd klimarekneskap for eigen drift. Den viser at kommunen sin største utsleppssektor er knytt til innkjøp av varer og tenester. Kommunen har altså ei viktig rolle i kraft av å vere innkjøpar, som bør brukast til å stille krav til leverandørar og vere bevisst eige forbruk.

I dag produserer vi om lag halvparten av den energien vi brukar i Sykkylven. Utbygging av energiproduksjon krev areal, og ofte naturinngrep. Ein må heile tida vurdere balansen mellom nedbygging av natur og oppskalering av energiproduksjon. For å unngå å bygge ned natur bør ein kartlegge og vurdere andre måtar å sikre meir energi på. Bruk av takflater og andre grå areal til solcelleanlegg er til dømes noko kommunen bør sjå nærmare på framover.

Som ein del av kunnskapsgrunnlaget har innbyggjarar, industri og næringsliv fått høve til å kome med innspel til klima- og energiplanen. Det har også blitt gjennomført ei innbyggjarundersøking i 2025 som viser haldningar og endringsvilje blant sykkylvingane i spørsmål om klima og miljø. Alle desse tilbakemeldingane frå innbyggjarar og næringsliv er viktige innspel som blir tatt med i utarbeiding av klima- og energiplanen.

Innhald

Innleiing.....	4
Om klimagassutslepp	5
Klimakost.....	5
Framskriving av klimagassutslepp.....	6
Geografiske klimagassutslepp.....	7
Vegtrafikk	8
Transport og trafikk inn og ut av Sykkylven	9
Sykkel	12
Kollektivtransport	13
Anna mobil forbrenning.....	13
Sjøfart.....	14
Ferre/båttrafikk	14
Forbruk, avfall og sirkulærøkonomi	16
Avfall frå hushald og fritidsbustader.....	16
Kommunalt avfall	18
Sirkulærøkonomi.....	18
Avløp og avfallsdeponi	18
Landbruk	19
Jordbruk	19
Jordvern	22
Skogbruk.....	24
Skog og CO2-binding	25
Klimatiltak i skog	25
Arealplanlegging og klimapåverknad	27
Industri og næringsliv.....	29
Energi	31
Straumproduksjon	31
Potensiale for utbygging av fornybar energi.....	32
Energieffektivisering og strategiar for grønne bygg i Sykkylven kommune	33
Elektrisitet	34
Oppvarming.....	35
Klimarekneskap for kommunen si eiga verksemd	35
Klimafotavtrykk frå innbyggjarane i Sykkylven	37
Referanseliste	38

Innleiing


Klimaendringane er ei av dei største utfordringane i vår tid. Parisavtalen frå 2015 stadfestar eit globalt mål om å styrke samarbeidet på klimaområdet. Føremålet med avtalen er å avgrense globale oppvarming til under 2 grader, og helst ned mot 1,5 grader samanlikna med førindustrielt nivå. Vidare skal avtalen auke evna til å tilpasse seg dei negative konsekvensane av klimaendringar og fremme utviklinga av robuste samfunn med lave utslepp.

Negative verknadar for natur og menneske vil vere vesentleg mindre ved 1,5°C global oppvarming enn ved 2°C. I følge Miljødirektoratet (*M-1117, 2018*) vil til dømes talet på folkegrupper som blir ramma av vassmangel vere 50 % lågare ved 1,5°C oppvarming samanlikna med 2 °C, og talet på arter som vil miste halvparten av sine leveområde vil også vere halvert. Ved 1,5°C oppvarming kan vi forvente ein isfri sommar i Arktis kvart hundrede år, mot ein isfri sommar kvart tiande år ved 2 °C.

Klimaendringane er allereie i gang og vil bli meir merkbare i åra som kjem – også om Parisavtalen blir følgt. Vi må derfor førebu oss på eit breitt spekter av konsekvensar: Tap av landområde, tørke, matmangel, konflikhtar, økonomiske kriser og tap av biologisk mangfald. Desse konsekvensane vil ikkje berre råke område der klimaendringane slår direkte inn, dei vil også påverke Noreg gjennom til dømes auka migrasjon, endringar i global handel, svekka matsikkerheit og ustabilitet i verdsøkonomien.

Samtidig som vi reduserer klimagassutslepp og tilpassar oss eit endra klima, må vi førebu oss på at det samla energibehovet vil auke. Elektrifisering av transport, industri og oppvarming er heilt nødvendig for å kutte utslepp, men det krev meir kraft. Vi står dermed overfor eit dobbelt ansvar: å utvikle ny, fornybar energi og å bruke energien vi har på ein meir effektiv måte. Noreg og Sykkylven må tenke langsiktig og heilskapleg – både når det gjeld klimamål og energiberedskap.

Noreg har gjennom klimaloven sett mål om å bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. For å få til dette må endring skje i alle kommunar. Ein god start er å sette opp klimarekneskap. Dette gir ei oversikt over eigne utslepp, og gjer det enklare å identifisere kvar tiltak vil gi størst effekt. Miljødirektoratet har laga oversikt over dei direkte klimagassutsleppa som skjer innanfor dei geografiske grensene til Sykkylven. Sykkylven kommune har laga klimarekneskap for eigen verksemd, som inkluderer både direkte og indirekte utslepp. I tillegg må vi sjå på klimafotavtrykket til innbyggjarane i Sykkylven, og kva vi alle kan gjere for å bidra til å redusere klimagassutsleppa våre.



FIGUR 1 KLIMAREKNEskap MED TRE PERSPEKTIV

Om klimagassutslepp

Miljødirektoratet har laga oversikt over klimagassutslepp for alle kommunar i Noreg. Tala omfattar alle direkte utslepp som skjer fysisk innanfor dei geografiske grensene til kommunen. Til dømes vil eit skip som går frå Ålesund til Geiranger medføre utsleppstal for Sykkylven i den tida skipet fysisk er innanfor Sykkylven sine kommunegrenser, sjølv om skipet berre er på gjennomreise.


Utsleppstala frå Miljødirektoratet fordeler seg på ni utsleppskategoriar, som vidare er delt inn i 45 utsleppskjelder. Utsleppa blir presentert som CO₂-ekvivalentar. Karbondioksid (CO₂), metan (CH₄) og lystgass (N₂O) er dei viktigaste klimagassane som bidreg til global oppvarming. Desse tre gassane har ulike potensiale for bidrag til global oppvarming. Utslepp frå dei tre gassane blir derfor omrekna til CO₂-ekvivalentar, slik at det er enklare å rekne på og samanlikne data (Miljødirektoratet, 2025)

I dette kunnskapsgrunnlaget er siste oppdaterte utsleppstal frå Miljødirektoratet frå 2023.

Klimakost

Klimarekneskap for kommunen si eiga verksemd er laga ved hjelp av verktøyet Klimakost. Klimakost er bygd på rammeverket i GHG-protokollen, der utslepp blir delt inn i tre ulike «scope», som illustrert i figur 2:

- Scope 1 er direkte utslepp som skjer lokalt eller frå eigen verksemd, til dømes forbrenning av drivstoff eller utslepp frå eigen produksjonsbedrift
- Scope 2 er utslepp knytt til bruk av energi og oppvarming.
- Scope 3 er utslepp knytt til kjøp av varer og tenester. Om ei verksemd til dømes kjøper ein kontorstol, bidrar verksemda indirekte til utsleppa knytt til produksjon og transport av kontorstolen.



FIGUR 2 ILLUSTRASJON AV KLIMAGASSUTSLEPP FRÅ SCOPE 1, 2 OG 3 (GHG PROTOCOL)

Ved hjelp av Klimakost har Sykkylven kommune laga klimarekneskap for 2023 og 2024. Tala som ligg til grunn er henta frå kommunen sitt økonomisystem. Dei inkluderer blant anna kjøp av varer og tenester, energibruk og andre økonomiske innsatsfaktorar. Til saman gir dette eit totalbilde av klimafotavtrykket til Sykkylven kommune sin eigen verksemd, utrekna i CO₂-ekvivalentar.


Klimagassutsleppa som kvar enkelt innbyggjar i Sykkylven står for, er vanskelegare å talfeste når ein skal ta omsyn til både direkte og indirekte utslepp. Vi har i denne rapporten brukt Folkets fotavtrykk, som er eit estimat på fotavtrykket til innbyggjarane i Sykkylven samanlikna med resten av landet.

Framskriving av klimagassutslepp

For å kunne planlegge klimakutt treng vi eit klimarekneskap som viser korleis ulike område bidrar med utslepp. Basert på dette kan vi lage eit overslag over korleis utsleppa kan utvikle seg framover utan nye tiltak. Dette hjelper oss å sjå kva område vi kan prioritere for å få størst effekt av tiltak.

Ein referansebane er ei slik framskriving. Den viser korleis utsleppa mest sannsynleg blir dersom vi ikkje set inn fleire tiltak. Ved å bruke referansebanen som grunnlag for å sette klimamål, kan vi rekne ut kor store utsleppskutt som trengst, og planlegge tiltak deretter. Dei samla tiltaka vil då til saman utgjere ei tiltaksbane mot måla, slik det er illustrert i figur 3.

Det er viktig å påpeike at det er usikkerheit knytt til tala både i ei referansebane og ei tiltaksbane. Dei vil vere eit beste estimat men ikkje ein fasit, og bør reviderast årleg.




FIGUR 3 ILLUSTRASJON AV KORLEIS EIN KAN ESTIMERE KLIMAGASSUTSLEPP, MED OG UTAN TILTAK


Sykkylven kommune kan i sine årlege klimabudsjett rekne ut effekten av tiltak i CO₂-ekvivalentar. Desse tiltaka vil til saman utgjere ei tiltaksbane for det kommunen kan påverke. Når det gjeld tiltaksbanen for Sykkylven som geografisk område vil denne vere eit samarbeidsprosjekt mellom kommune, innbyggjarar, industri og næringsliv. Her har vi alle moglegheit til å påverke kor bratt tiltaksbanen skal vere. Vi kan følgje med på resultatane av tiltaka gjennom Miljødirektoratet sine årlege rapportar for utslepp i kommunane.

Geografiske klimagassutslepp

Dei direkte geografiske klimagassutsleppa til Sykkylven er vist i figur 4. Her ser vi utviklinga i utsleppa over tid, frå 2009 til 2023. Fordelinga mellom sektorane som Miljødirektoratet måler på er relativt lik frå 2009 – 2023. Dei sektorane som har hatt størst reduksjon i utslepp er vegtrafikk og sjøfart. Utsleppa frå jordbruk har også gått noko ned, medan utslepp frå «Anna mobil forbrenning» har gått litt opp sidan 2009.



FIGUR 4 KLIMAGASSUTSLEPP I SYKKYLVEN 2009-2023 (MILJØDIREKTORATET)




Dersom vi tar Sykkylven sine samla klimagassutslepp i 2023 og deler det på antal innbyggjarar, får vi eit klimagassutslepp på 2,5 tonn CO2-ekvivalenter per person i Sykkylven. Det er lågare enn tilsvarende tal for nabokommunane og Møre og Romsdal fylke.

FIGUR 5 DIREKTE UTSLEPP PER INNBYGGJAR I 2023. SYKKYLVEN SAMANLIKNA MED NABOKOMMUNAR OG MØRE OG ROMSDAL. (KJELDE: MILJØDIREKTORATET)

Figur 6 viser fordelinga mellom dei ulike sektorane i 2023. Desse tala viser at vegtrafikk, jordbruk og sjøfart er dei tre sektorane som står for størsteparten av klimagassutsleppa i Sykkylven. Tiltak innanfor desse sektorane vil derfor utgjere størst effekt i utsleppsrekneskapen. Vi må likevel ikkje gløyme dei andre sektorane. Vi må gjere tiltak i alle sektorar for å nå klimamåla.


Geografiske utslepp i Sykkylven i 2023, fordelt på 9 sektorar



FIGUR 6 GEOGRAFISKE KLIMAGASSUTSLEPP FOR SYKKYLVEN I 2023, FORDELT PÅ 9 SEKTORAR (MILJØDIREKTORATET)

Vegtrafikk

Bilar, varebiler, lastebilar og bussar står for store utslepp av klimagassar. Det skuldast i hovudsak at dei fleste av dei går på drivstoff frå fossil energi som bensin og diesel. Stadig fleire menneske kjøper elbil, men samtidig er det mange ulike typar køyretøy som må byte drivstoff for at vi skal kunne kutte klimagassutsleppa raskt nok.



FIGUR 7 UTSLEPP FRÅ VEGTRAFIKK I SYKKYLVEN 2009-2023 (MILJØDIREKTORATET)

Vegtrafikk er den sektoren som står for størstedelen av klimagassutsleppa i Sykkylven i 2023. Vi ser likevel at det har vore ein nedgang i utslepp frå personbilar frå 2009 til 2023, og trur at denne nedgangen vil halde fram i åra som kjem, ettersom fleire går over til elbilar. Bidraga frå bussar, tunge køyretøy og varebilar har derimot halde seg nokså stabilt i perioden 2009-2023. Det vil derfor vere viktig å sjå på tiltak for å redusere klimagassutsleppa knytt til desse gruppene køyretøy.

TABELL 1 UTSLEPP (TONN CO₂-EKVIVALENTAR) FRÅ VEGTRAFIKK I SYKKYLVEN (KJELDE: MILJØDIREKTORATET)

År	Bussar	Personbilar	Tunge køyretøy	Varebilar	Totalt
2009	1997.9	3267.3	936.0	787.7	6988.9
2011	2032.4	3185.6	977.6	758.1	6953.7
2013	1991.6	3098.3	1002.7	753.7	6846.3
2015	1697.2	3044.3	1054.3	696.5	6492.3
2016	1598.4	2861.6	1023.5	662.1	6145.6
2017	1469.9	2684.1	965.1	593.3	5712.4
2018	1565.6	2747.6	1044.3	606.2	5963.7
2019	1511.4	2610.9	1003.5	581.5	5707.3
2020	1458.4	2433.3	1018.0	584.7	5494.4
2021	1544.0	2379.4	1071.8	628.0	5623.2
2022	1866.4	2257.5	1090.5	650.4	5864.8
2023	1933.4	1972.4	1066.9	641.1	5613.8

Transport og trafikk inn og ut av Sykkylven

Sykkylven og pendling i 2024


- 906 personar pendla ut av kommunen
- 534 personar pendla inn til kommunen
- 2965 personar hadde arbeidet sitt i kommunen
- I Sykkylven kommune er det 1,75 innbyggjarar per personbil.

(kjelde: SSB, kommunefakta 2024)


Sykkylven har tre hurtigladestasjonar for el-bilar ved Coop Extra i 2025, til offentleg bruk.

Sykkylven kommune som bedrift har totalt 36 tenestebilar ved starten av 2025. 11 av desse er elektriske. Kommunen har plan om ein gradvis overgang til fullelektrisk bilpark, men utskiftinga må skje over fleire år. I eit beredskapsperspektiv må vi også finne løysingar som gjer at kommunen kan levere tenester også ved langvarig straumbrot. Det skal etablerast fleire ladepunkt i kommunen i takt med auken i elbilar.

Statens vegvesen har sett opp tellestasjonar som registrerer kor mange bilar som passerer ved ulike punkt gjennom året (Trafikkdata 2025). Figur 8 og 9 viser gjennomsnittleg døgntrafikk per månad i 2024 ved «Sykkylven» - den store rundkøyringa i Sykkylven sentrum (kryss mot Dalevegen) og «Sykkylvsbrua» (på Ikornnessida). Årsgjennomsnittet var 7116 bilar for tellestasjon Sykkylven og 3347 bilar for tellestasjon Sykkylvsbrua.



FIGUR 8 GJENNOMSITTLEG DØGNTRAFIKK PER MÅNAD VED RUNDKØYRING I SYKKYLVEN SENTRUM I 2024 (MARS-DES) (STATENS VEGVESEN).




FIGUR 9 GJENNOMSITTLEG DØGNTRAFIKK PER MÅNAD VED SYKKYLVSBRUA I 2024 (MINUS APRIL) (STATENS VEGVESEN)

Elektriske bilar

I Sykkylven er det ei auke i registrerte el-personbilar, frå 119 bilar i 2016 til 770 bilar i 2024, som vist i tabell 2 og figur 10. Her ser vi ein tilsvarande nedgang i bensinbilar i same periode, samt ein auke i bilar som går på anna drivstoff.

TABELL 2 REGISTRERTE KØYRETØY, ETTER REGION, DRIVSTOFFTYPE, STATISTIKKVARIABEL OG ÅR I SYKKYLVEN (SSB-TABELL 07849)

Personbilar i Sykkylven etter drivstofftype									
Drivstofftype	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Bensin	1994	1950	1861	1814	1667	1612	1525	1402	1334
Diesel	1953	2053	2123	2179	2174	2153	2020	1914	1842
El.	119	132	134	175	223	340	488	644	770
Anna drivstoff	43	65	94	130	208	274	334	372	412




FIGUR 10 REGISTRERTE PERSONBILAR I SYKKYLVEN 2016-2024 (KJELDE: SSB)

I tabell 3 ser vi status i 2024 på fordelinga mellom ulike køyretøy registrert i Sykkylven. Her ser vi mellom anna at det berre er tre registrerte bussar i Sykkylven, trass i at bussar står for om lag ein tredel av utsleppa i figur 5. Dette kjem av at bussane som gir klimagassutslepp i Sykkylven er registrerte utanfor kommunen (i hovudsak fylkeskommunale bussar). Når det gjeld varebilar er det grunn til å tru at andelen elektriske vil auke i åra som kjem. Det er større utfordringar knytt til å erstatte lastebilar og traktorar med utsleppsfrie alternativ. Men det finst alternativ på marknaden allereie i dag, og det er grunn til å tru at marknaden blir større i takt med auka krav i åra som kjem.

TABELL 3 OVERSIKT OVER REGISTRERTE MOTORKØYRETØY I SYKKYLVEN I 2024, FORDELT ETTER DRIVSTOFFTYPE (SSB)

Drivstofftype	Personbilar	Bussar	Varebilar	Lastebilar	Traktorar
Bensin	1334	0	32	3	121
Diesel	1842	3	644	75	471
El.	770	0	15	0	0
Anna drivstoff	412	0	2	0	0

I 2014 var elbilbestanden i Noreg på 42 356 bilar. I januar 2025 var det 796 526 registrerte elbilar i Noreg. Som vi ser av figur 11 har elbilar nesten heile marknadsdelen av nybilssalet i Noreg i 2025. Det gir grunn til å tru at utsleppa frå personbilar vil gå ytterlegare nedover i åra som kjem.



FIGUR 11 PROSENT AV NYBILSALET SOM ER ELBILAR. (NORSK ELBILFORENING)

Tungtransporten består av i hovudsak køyretøy som tener næringslivet i Sykkylven, i tillegg til ein stor del gjennomgangstrafikk. For å kutte utsleppa frå desse køyretøya, er det behov for betre teknologi og fleire energistasjonar. Her er vi avhengig av styresmaktene sin vilje til å bidra med støtte og legge til rette for utbygging av energi-infrastruktur som til dømes hydrogen, biogass og kraftige el-ladarar.

Sykkel


Det er kultur for bilkøyring i kommunen, også innanfor relativt korte avstandar. I samfunnsplanen står det at kommunen vil arbeide for vidare utbygging av gang- og sykkelveggar. Kommunen kan legge til rette for at det skal bli enklare å velje sykkel eller føtene som framkomstmiddel i staden for bil. Å erstatte bruk av bil med sykkel har ein positiv effekt både for klima og folkehelsa. Sykkylven kommune har i 2025 fått tildelt 400 000 kr i Klimasats-midlar til prosjektet «Sykkylven Sykkelvei», som skal brukast til å legge til rette for meir grøn mobilitet i sentrumsområdet. Desse midlane utgjør mindre enn halvparten av den omsøkte summen for prosjektet, men kjem likevel godt med slik at delar av prosjektet kan gjennomførast. Sykkylven kommune har i 2025 også kjøpt inn fire elsyklar til bruk i helsetenestene. Desse skal brukast som alternativ til bil der det er føremålstenleg.

Kollektivtransport

Frå 01.01.2026 skal alle fylkeskommunale bussar i Møre og Romsdal vere utsleppsfrie. Vi kan derfor anta at vi får ein reduksjon i utslepp frå bussar i når 2026-tala frå Miljødirektoratet vert publisert. Per i dag veit vi ikkje om overgangen til utsleppsfrie bussar får innverknad på rutetilbod og billettpisar.

Utfordringa med kollektivtransport i distrikta er å få så gode rutetilbod at folk finn det meir tenleg å nytte slike tenester framfor privatbil. Dette er politikk kommunen kan påverke opp mot regionale/nasjonale myndigheiter slik at dei tilpassar rutetilbodet etter endra behov i kommunen.

Anna mobil forbrenning



FIGUR 12 UTSLEPP FRÅ ANNA MOBIL FORBRENNING I SYKKYLVEN 2009-2023 (MILJØDIREKTORATET)


Sektoren «Anna mobil forbrenning» omfattar utslepp frå bruk av avgiftsfri diesel og bensin til motoriserte redskap som traktorar, anleggsmaskiner og snøskutarar. Avgiftsfri diesel blir til dømes brukt i næringar som jordbruk, skogbruk og bygg og anlegg. Sektoren omfattar også maskiner som blir nytta av private hushald.

Vi ser i figur 12 at utsleppa frå denne sektoren har hatt eit hopp frå 2022 til 2023, som kan tilskrivast «Andre næringer». Det er usikkerheit i kva som faktisk ligg i denne utsleppskjelda, då det er ein oppsamlingspost. Det vi veit er at utsleppa er knytt til salsadresser i Sykkylven, og rommar ulike maskinar og utstyr som brukar avgiftsfri diesel og bensin. «Andre næringer» står i 2023 for meir klimagassutslepp enn alle dei andre utsleppskjeldene til saman i denne sektoren.

Den utsleppskjelda som har hatt størst nedgang er maskinar i bygg og anlegg. Denne posten er i 2023 redusert med 65 % og 481 tonn CO2-ekvivalentar sidan 2009, noko som betyr at bygg og anleggsbransjen har gjort viktige grep for å redusere klimagassutslepp.

Sjøfart

På grunn av manglende data har utsleppsrekneskapen for sjøfart ufullstendig tidsserie: Utsleppa er rekna ut med bakgrunn i AIS-data frå og med 2016. Utslepp for åra 2009, 2011, 2013 og 2015 er sett lik utsleppa i 2016. Desse er berre estimerte utslepp og reflekterer ikkje faktisk aktivitetsnivå i perioden før 2016, sjå figur 13.




FIGUR 13 UTSLEPP FRÅ SJØFART I SYKKYLVEN 2009-2023 (MILJØDIREKTORATET)

Sjøfart utgjør ein relativt dominerande del av klimagassutsleppa i Sykkylven. Ferjestrekninga Sykkylven – Magerholm vart elektrifisert i 2020. Dette førte til betydeleg reduksjon i utslepp frå passasjerskip frå 2019 til 2020. Ein annan viktig bidragsytar til den store nedgangen i 2020 er koronapandemien som sette cruisenæringa på is i 2020 og 2021. Cruisetrafikken har tatt seg opp att og står for størstedelen av utsleppa knytt til sjøfart i 2023.

Ferje/båttrafikk


Ferjesambandet Sykkylven – Magerholm har to ferjer i drift heile året. Figur 14 viser tal på personar og køyretøy på ferjesambandet dei siste seks åra.



FIGUR 14 TELLINGAR FRÅ FERJETRAFIKKEN SYKKYLVEN - MAGERHOLM 2019-2024. (STATENS VEGVESEN, FERJEDATABANKEN)

Vi ser ein nedgang i kjøretøy med fossilt drivstoff, og ein auke i talet på elbilar. Person = Bilførar, bilpassasjer og reisande utan bil.

Ferjesambandet Hundeidvik-Festøya har betydeleg mindre trafikk. Vi ser likevel i figur 15 at fordelinga mellom type kjøretøy på dette ferjesambandet er relativt likt som for Sykkylven-Magerholm




FIGUR 15 TELLINGAR FRÅ FERJETRAFIKKEN HUNDEIDVIK - FESTØYA 2019-2024. (STATENS VEGVESEN, FERJEDATABANKEN)

Forbruk, avfall og sirkulærøkonomi


Avfall frå hushald og fritidsbustader

Attvin hentar avfall frå hushalda i Sykkylven. Per 2025 hentar Attvin restavfall, matavfall, plast, papir, glas og metallemballasje. Anna avfall (t.d. hageavfall, treavfall, tekstil, farleg avfall) må innbyggjarane sjølv levere til gjenvinningsstasjon.

I figur 17 ser vi kor mykje avfall innbyggjarane i Sykkylven har kasta i 2020-2024, målt i tonn avfall.




FIGUR 16 AVFALLSPYRAMIDEN. AVFALL BØR HANDTERAST SÅ NÆR TOPPEN AV PYRAMIDEN SOM MOGLEG.



FIGUR 17 AVFALL FRÅ HUSHALDA I SYKKYLVEN 2020-2024, MÅLT I TONN AVFALL. (SSB)

Utsortert avfall i figur 17 inkluderer papp, plast, glas, metall og matavfall. I figur 18 ser vi kva avfall vi innbyggjarar kastar mest av. Vi ser her ei betydeleg auke i matavfall frå 2023 til 2024. Vi ser samtidig at vi kasta mindre restavfall i 2024 enn i 2023. I 2024 var utsorteringsgraden av hushaldningsavfall på 56,5 %.



FIGUR 18 UTSORTERT AVFALL FRÅ HUSHALDA I SYKKYLVEN 2020-2024, FORDELT PÅ DEI ULIKE FRAKSJONANE SOM BLIR HENTA AV ATTVIN. (SSB)

Attvin har også eit renovasjonstilbod for fritidsbustader. På Fjelleterområdet er det etablert tre oppsamlingsstasjonar; ein ved Fausaskiftet, ein ved Fjellseter ungdomssenter og ein i Sætrelia. Det er montert sensorar på avfallsbrønnane for å halde oversikt over fyllingsgraden. Dette tiltaket gjer at ein kan ha behovsbasert tømning av brønnane, i staden for kalenderbasert. Tiltaket har ført til mindre forsøpling og mindre køyring på fjellet. På ein køyretur kan ein bil tømme t.d. alle restavfallsbrønnane, i staden for å køyre ein og ein container. Løysinga fungerer godt, og er vurdert som ferdig utbygd.



RENOVASJONSTILBOD ETABLERT I 2019 FOR FRITIDSBONNENTANE PÅ FJELLSETRA

Det er også etablert to oppsamlingsstasjonar for andre fritidsbustader i Sykkylven; ein ved Kiwi og ein stasjon i Hundeidvik.

Det er kommunane og Statens vegvesen som har ansvar for avfallet frå dei som reiser langs vegane. Det har så langt ikkje vore ønske frå eigarkommunane om at Attvin skal ta over dette.

Kommunalt avfall

Avfall frå kommunale bygg blir henta av to aktørar; Attvin og Miljøkvalitet. Miljøkvalitet hentar berre restavfall, medan Attvin hentar dei andre fraksjonane som blir kjeldesortert, i tillegg hentar Attvin restavfall frå Aure barneskule og noko av restavfallet frå BUAS.


Kommunen leverer sjølv spesialavfall direkte til miljøstasjonen på Jarnes.

Sirkulærøkonomi

I ein sirkulær økonomi vil ein vekk frå bruk-og-kast økonomi. Formålet i den sirkulære økonomien er at ressursane blir i økonomien, sjølv om produktet dei inngår i ikkje lenger blir brukt til det opphavslege formålet. Dette betyr at avfall som konsept forsvinn. Avfall blir sett på som ei råvare. Sirkulær økonomi handlar ikkje berre om avfallshandtering og resirkulering. Det handlar også om auka bruk av kapasitet, strengare krav til produktdesign og materialbruk, og smartare løysingar som gir nye måtar å drive verksemd på.



Avløp og avfallsdeponi



FIGUR 19 UTSLEPP FRÅ AVFALL OG AVLØP I SYKKYLVEN 2009-2023 (MILJØDIREKTORATET)

Utsleppa knytt til avfall er delt inn i biologisk behandling av avfall, og gass frå avfallsdeponi. Vi har ikkje biologisk behandling av avfall i Sykkylven i dag, derfor er dette bidraget lik null. Avfallsdeponigass kjem frå eit gammalt kommunalt deponi for næringsavfall og grovavfall på Haugset, og vi ser i figur 19 at det har vore ein jamn nedgang i utslepp frå 2009 til 2023. Utsleppa frå avfallsdeponigass vert rekna ut ved hjelp av ein standardmodell utvikla av IPCC. Berre utslepp frå kommunale deponi er inkludert i utrekninga. Utsleppa frå kommunale deponi tilskrивast den kommunen der deponiet er plassert.


Utsleppa knytt til avløp har auka jamt sidan 2016. Denne auken kan tilskrивast ei auke i tal på abonnentar som er tilkopa silanlegg. I 2022 vart eit utslepp i Haugbukta sanert og ført til silanlegget i Ullavika. Dette omfatta avløp frå områda Haugneset (inkl. BUAS), Klokkehaug og delar av Nakkegata.

Landbruk

Jordbruk

Jordbruksarealet i Sykkylven kommune utgjer om lag 14 661 daa, av dette er ca. 12 151 daa i aktiv drift. Jordbruksareal er her definert som fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Mesteparten av jordbruksareala, dvs. over 99 %, vert brukt til produksjon av grovfôr til husdyr. I tillegg er det registrert 17 198 daa dyrkbar jord i kommunen. Dyrkbar jord er areal som ikkje er fulldyrka, men som kan opparbeidast til lettbrukt eller mindre lettbrukt fulldyrka jord, som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Skogarealet i kommunen er på om lag 122 709 daa, noko som svarer til ca. 36 % av kommunen sitt landareal.

LANDAREAL SYKKYLVEN KOMMUNE




FIGUR 20 GROV FORDELING AV LANDAREAL I KOMMUNEN (NIBIO, AREALBAROMETER FOR SYKKYLVEN)

Jordbruket i kommunen består i hovudsak av husdyrbruk. Mjølkeproduksjonen er framleis berebjelken til landbruket i kommunen og står for om lag 68 % av verdiskapinga til næringa. Kjøttproduksjon på storfe skjer for det meste på mjølkebruka. Kommunen har nokon få ammekuprodusentar. Saueprodusentane står for 23 % av verdiskapinga til jordbruket. Fôrressursane i utmarka utgjer ein vesentleg del av produksjonsgrunnlaget for mjølke- og kjøttproduksjonen i kommunen. I 2024 beita 489 storfe, 4337 sauer (inkl. lam), 82 geiter (inkl. kje) og 19 hestar i utmarka i fem eller fleire veker (Landbruksdirektoratet, 2025).

TABELL 4 UTVIKLING I TAL GARDSBRUK MED ULIKE DYRESLAG (LANDBRUKSDIREKTORATET, PT-900 ANTALLSTATISTIKK 2005,2015,2025)

	2005		2015		2024	
	Tal dyr	Tal bruk	Tal dyr	Tal bruk	Tal dyr	Tal bruk
Mjølkekyr	436	32	320	18	304	15
Ammekyr	68	10	59	7	69	6
Andre storfe	953	51	716	31	692	25
Vinterfôra sau	2725	54	1653	34	2138	37
Svin	40	2	0	0	4	1
Geiter	9	1	11	2	59	7
Hestar	58	12	49	11	66	12
Høner	36	4	82	5	70	1
Anna fjørfe	0	0	28	2	25	1

Jordbruksnæringa i kommunen står for om lag 27 % av dei samla klimagassutsleppa i Sykkylven og er ein stor kjelde til utslepp av metan og lystgass. Metanutsleppa kjem i all hovudsak frå fordøyingsprosessen til dyra, spesielt frå drøvtyggarar, det resterande kjem frå lagring av husdyrgjødsel. Størsteparten av lystgassutsleppa kjem frå spreiring av kunst- og husdyrgjødsel.



FIGUR 21 KLIMAGASSUTSLEPP FRÅ JORDBRUK I SYKKYLVEN 2009-2023 (MILJØDIREKTORATET)

I 2019 inngjekk jordbruket i Noreg (Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag) og regjeringa ein intensjonsavtale om å redusere klimagassutslepp og auke opptak av karbon frå jordbruket i perioden 2021-2030. Jamfør Parisavtalen skal utsleppsreduksjonar gjennomførast utan at det sett matproduksjonen i fare. Reduserte klimagassutslepp inngår i eitt av 4 overordna mål for norsk jordbrukspolitikk, og må sjåast i samanheng i arbeidet for utvikling av jordbruket. Dei fire overordna måla i jordbrukspolitikken er:

- Matsikkerheit og beredskap
- Landbruk over heile landet
- Auka verdiskaping
- Eit berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

Målet i klimaavtalen for jordbruket er å redusere klimagassutsleppa med 5 mill. tonn CO₂- ekvivalentar i perioden 2021- 2030. Utsleppsreduksjonen samanliknast og sjåast i samanheng med utviklinga i utslepp og opptak som var forventa då avtalen vart inngått (Om klimaavtalen i jordbruket, Landbruksdirektoratet, 2025).

Landbrukets klimaplan setter kursen for klimaarbeidet i landbruket. I planen er der peika ut 8 satsingsområde for utsleppskutt. Desse er:


1. Utrulling av klimakalkulator og auka satsing på klimarådgjeving
2. Meir klimavenleg og berekraftig fôring, avl og friskare husdyr
3. Fossilfri maskinpark
4. Fossilfri oppvarming
5. Husdyrgjødsel og biogassanlegg
6. Betre bruk av gjødsla og god agronomi
7. Jorda som karbonlager
8. Ny climateknologi
9. Klimarisiko og klimatilpasning.

God agronomi og miljøtiltak er viktige faktorar for å redusere klimagassutsleppa i jordbruket. Kalking, optimal gjødsling, jordarbeiding og drenering er døme på tiltak for å redusere klimaavtrykket. Bonden har i dag mogelegheita til å få refundert kostnader knytt til klimarådgjeving gjennom tilskot frå regionalt miljøprogram i jordbruket (RMP). I tillegg kan gardbrukaren søkje om tilskot til miljøvenleg spreiring av husdyrgjødsel (spreiring i vår-/vekstsesong, nedlegging av husdyrgjødsel og bruk av tilførselsslantar), drenering og utbetring av hydrotekniske anlegg.

Tabell 5 og figur 22 viser bruken av miljøverkemidla i Sykkylven kommune.

TABELL 5 BRUK AV MILJØVERKEMIDLA (REGIONALT MILJØPROGRAM (RMP)) I SYKKYLVEN

Miljøvenleg spreiring av husdyrgjødsel			
År	Spreiring vår/vekstsesong	Spreiring med tilførselsslantar	Nedfelling/nedlegging av gjødsel
	daa	daa	daa
2015	2019	48	0
2016	2053	61	0
2017	2977	61	0
2018	2858	61	0
2019	2925	0	7
2020	2573	45	7
2021	2791	0	0
2022	3258	0	4
2023	2719	49	3
2024	3591	0	24
Klimarådgjeving			
År	Grupperådgjeving	To- til- en rådgjeving	En- ti- en rådgjeving
	stk	stk	stk
2021	0	0	0
2022	1	0	0
2023	0	1	0
2024	0	3	0



FIGUR 22 UTVIKLING I BRUK AV KLIMARELATERTE TILSKOTSORDNINGAR (RMP)

Jordvern


Jordbruksarealet i Noreg er på om lag 10 millionar dekar og dekker ca. 3,3 % av landarealet vårt. Dette tilsvarar om lag 2,2 dekar per innbyggjar. Både her til lands og i resten av verda er matjorda under sterk press. Nedbygging av jordbruksareal har både direkte og indirekte konsekvensar for klimaet. Dersom ein bygger ned jordbruksareal vil ein redusere jorda si evne til å ta opp CO₂. Å erstatte jordbruksareal med god kvalitet kan i tillegg føre til nydyrking av skog og myr, noko som vil føre til utslepp av klimagassar.

I Sykkylven er 4,3 % av det totale landarealet jordbruksareal, av dette er 82 % i aktiv drift. Arealstatistikken er tilskotsbasert og tala kan difor vere noko unøyaktige. Statistikken tek blant anna ikkje omsyn til landbruksdrift som ikkje oppfyll vilkåra for å kunne motta produksjonstilskot (hobbybruk).

I tillegg er det registrert 17 198 daa dyrkbar jord i kommunen. Dyrkbar jord er areal som per i dag ikkje eignar seg til dyrking, men som kan opparbeidast til fulldyrka jord.

TABELL 6 UTVIKLING I AKTIVT DRIVE JORDBRUKSAREAL I SYKKYLVEN I PERIODEN 2001 – 2024 (LANDBRUKSDIREKTORATET)


Areal			
År	Tal driftseiningar	Jordbruksareal i drift (daa)	Bruksstorleik (daa)
2001	135	14880	110
2002	126	14316	114
2003	117	13855	118
2004	109	13815	127
2005	102	13600	133
2006	95	13373	141
2007	89	13113	147
2008	86	12916	150
2009	80	12493	156
2010	78	12025	154
2011	74	10918	148
2012	72	10812	150
2013	72	10635	148
2014	71	10849	153
2015	66	10743	163
2016	69	10952	159
2017	70	11348	162
2018	73	11653	160
2019	69	11791	171
2020	71	12196	172
2021	70	12004	171
2022	69	11842	172
2023	69	12024	174
2024	71	12151	171



FIGUR 23 UTVIKLING I AKTIVT DRIVE JORDBRUK I SYKKYLVEN I PERIODEN 2001- 2024 (LANDBRUKSDIREKTORATET)

Sidan 2015 har det blitt omdisponert om lag 334 daa jordbruksareal (både dyrka og dyrkbar jord) til andre føremål enn landbruk. Det er spesielt i dei sentrumsnære områda i kommunen der utbyggingspresset er størst. Utstrekt etablering av fritidsbustader og hyttefelt er ei anna utfordring som i stor grad bidreg til nedbygging av jordressursane, i hovudsak dyrkbar jord.

07903: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk, etter statistikkvariabel og år. Sykkylven.



Kilde: Statistisk sentralbyrå


FIGUR 24 OMDISPONERING AV DYRKA OG DYRKBAR JORD TIL ANDRE FØREMÅL ENN LANDBRUK I PERIODEN 2006 – 2024 (SSB)

Kommuneplanen sin samfunnsdel, som vart vedteke i kommunestyret i 2023, omtalar kommunen sin arealstrategi. Planen gir føringar for arealutviklinga i kommunen. Konflikt mellom behovet for bustadareal og bevaring av jordbruksareal, spesielt i sentrumsområda, vart peika på som ei viktig utfordring som må handterast på ein betre måte dersom ein ønskjer å oppnå ei berekraftig utvikling som tek omsyn til både økonomiske, sosiale, miljø- og klimamessige tilhøve. I samfunnsplanen er det sett eit mål om å styrke jordvernet i kommunen.

Same året (2023) vart det vedteke ei kommunal jordvernstrategi med strategiske grep for å ivareta jordbruksareal.

Skogbruk

Miljødirektoratet publiserer tal for utslepp og opptak frå skog og arealbruk i kommunane. Dei periodane vi har data på er 2011-2015 og 2016-2020, og figur 25 viser ei oversikt for Sykkylven. Fleire detaljar om desse tala kan ein finne her: [Utslipp og opptak fra skog og arealbruk: For kommune - miljodirektoratet.no](https://utslipp-og-opptak.miljodirektoratet.no/)



FIGUR 25 UTSLEPP OG OPPTAK AV KLIMAGASSAR I SYKKYLVEN I 2011-2015 OG 2016-2020, ETTER AREALBRUKSKATEGORI (MILJØDIREKTORATET)

Vi ser i figur 25 at det har vore ein stor nedgang i opptak/binding av CO₂ i Sykkylven i perioden 2011-2015 til 2016-2020. Ifølge Møre og Romsdal fylkeskommune er nedgangen ikkje unik for Sykkylven. Norske skogar og landområde tar opp store mengder CO₂ kvart år, men opptaket har blitt redusert med 40 % det siste tiåret. Fleire EU-land har opplevd det same. I nokre land har skogen blitt ei kjelde til utslipp i staden for opptak. Dette er noko som er vanskeleg å forklare årsaka til, men som vi må ha eit bevisst forhold til og følgje med på i åra som kjem. Uansett er det viktig at vi gjer det vi kan for å bevare skog og karbonrike areal.

Skog og CO₂-binding

Skog er ein viktig del av den globale karbonsyklusen, både som karbonlager og gjennom opptak av CO₂ frå atmosfæren. I 2018 utgjorde netto opptak i norsk skog meir enn halvparten av dei totale klimagassutsleppa. Forvaltning av skog spelar altså ei viktig rolle i korleis vi kan nå klimamåla. (Svensson, A. og Dalen, L. S., 2021)

I tillegg til at skogen fungerer som karbonlager, er meir bruk av tre som fornybar råvare eit klimatiltak. Trehus og andre treprodukt medverkar til varig lagring av karbonet gjennom levetida, og kan til slutt brukast til bioenergi.

Tre kan erstatte ikkje-fornybare byggematerial, eller materiale som medfører eit større klimafotavtrykk. Det kan òg erstatte petroleumsbasert drivstoff, brensel, og råstoff som vert nytta i fleire produkt. Både tre og olje er i stor grad bygd opp av grunnstoffet karbon. Å erstatte "svart karbon" med "grønt karbon" kan gi både verdiskaping og klimagevinst.

Klimatiltak i skog

Gjødsling av skog og tettare skogplanting er tiltak som kan bidra til auke i skogvekst. Landbruksdirektoratet tildeler tilskot til desse klimatiltaka.

Gjødsling er eit effektivt tiltak for å auke produksjonen på arealet og gjev rask respons i form av auka tilvekst. Aktuelle område for gjødsling i Sykkylven er furuskog i Vikedalen og Straumsdalen, og høgareliggende granmark med bonitet g14 eller lågare.

Tettare planting på eksisterande skogareal er eit tiltak som på lang sikt gjev auka CO₂-fangst. Fleire plantar gir betre fordeling av plantar på arealet og betre høve for å velge dei beste plantane for framtida. Det fører til auka skogproduksjon og betre kvalitet på tømmeret. Auka skogproduksjon som følgje av tettare planting gir i tillegg til større karbonopptak også meir biomasse frå skog som kan erstatte produkt laga av fossilt råstoff. Når kvaliteten blir betre vil delen på sagtømmer auke og meir råstoff kan gå til produkt med lang levetid.

I tillegg er det fleire ting som kan gjerast for å betre/oppretthalde bindinga av CO₂ og skogproduksjon (Statsforvaltaren, 2025):


- Foryngingsplikta er ei plikt skogeigar har til å få opp att ny skog etter hogst. Plikta er heimla i skogbrukslova og berekraftsforskrifta, og vert utløyst når ein avverkar skog. Kommunen har ansvar for å handheve foryngingsplikta, mellom anna ved å rettleie og gjennomføre foryngingskontroll.
- Utnytte potensiale for planting av skog på nye areal, og areal med liten produksjon i dag
- La skogen stå minimum til den er hogstmoden
- Unngå nedbygging av høgproduktive areal

Skogavverking og skogplanting i Sykkylven


Figur 26 og 27 viser skogavverking i m₃ og skogplanting i daa i Sykkylven sidan år 2000. Vi ser også kor mykje ungsogspleie som har vore utført i Sykkylven i same tidsperiode i figur 28. Forholdet mellom avverking og nyplanting er slik at vi ideelt sett burde ha planta tettare og meir. Vi har om lag 80 % suksessrate, og ca 20 % av areala vert ikkje planta til att. Vi har også potensiale i å stelle ungsogogen betre, ved å rydde bort uønska kratt og ta ut dårlege emne. Ungskogpleie har positiv effekt på CO₂-opptak og skogproduksjon, og tiltaket bidrar samtidig til å at ein kan velje ut dei trea som vil vere best eigna i møte med klimaendringane og marknaden i framtida. (Klimamelding 2035)



FIGUR 26 SKOGAVVERKING I SYKKYLVEN 2000-2024



FIGUR 27 SKOGPLANTING I SYKKYLVEN 2000-2024



FIGUR 28 UNGSKOGPLEIE I SYKKYLVEN 2000-2024

Arealplanlegging og klimapåverknad

Korleis vi disponerer areala i kommunen gjennom arealplanlegging, kommuneplan og vidare gjennom reguleringsplanar, har innverknad på kva ein kan forvente av omdisponering og nedbygging av areal. I dei fleste tilfella vil omdisponering og utbygging slå negativt ut for klimapåverknad. På den andre sida vil tilbakeføring av areal til LNF-områder som tidlegare har vore avsett til bygging, truleg ha ein positiv klimaverknad. Det er først i den siste rulleringa av kommuneplanen at det er gjort kvalifiserte vurderingar (Multiconsult) av mengda CO₂-ekvivalentar for planlagd arealbruk for gjeldande kommuneplan og planforslag til ny kommuneplan. Ein får då ein indikasjon på kva klimapåverknaden blir dersom alle areal som er satt av til bygging blir realisert.

Tala Multiconsult presenterer viser ein prognose av klimagassutslepp eller opptak vist som CO₂-ekvivalentar over ein 20 års periode. Med dagens kommuneplan er det berekna at ein vil ha eit utslepp på 34 102 tonn CO₂-ekvivalentar. Med planforslaget til ny kommuneplan, som var til 2.gongs høyring våren 2025, vart det berekna eit utslepp på 30.324 tonn CO₂-ekvivalentar.

KLIMAGASSER (tonn CO2-ekv)		TIL					
		Beite	Dyrket mark	Skog	Utbygd	Vann og myr	Annen utmark
FRA	Beite				540		
	Dyrket mark				1 077		
	Skog				27 958		
	Utbygd						
	Vann og myr				4 527		
	Annen utmark						

Total klimagasser for planen* **34 102 tonn CO2-ekv**
Utslipp 34 102 tonn CO2-ekv
Opptak tonn CO2-ekv
Ratio 34 102 ganger mer utslipp enn opptak


FIGUR 29 ANSLAG FOR UTSLEPP AV CO2 FOR OMRÅDER SETT AV TIL UTBYGGING I GJELDANDE KOMMUNEPLAN

KLIMAGASSER (tonn CO2-ekv)		TIL					
		Beite	Dyrket mark	Skog	Utbygd	Vann og myr	Annen utmark
FRA	Beite				467		
	Dyrket mark				681		
	Skog				25.509		
	Utbygd						
	Vann og myr				3.667		
	Annen utmark						


Total klimagasser for planen* **30.324 tonn CO2-ekv**
Utslipp 30.324 tonn CO2-ekv
Opptak tonn CO2-ekv
Ratio 30.324 ganger mer utslipp enn opptak

FIGUR 30 ANSLAG FOR UTSLEPP AV CO2 FOR OMRÅDER SETT AV TIL UTBYGGING I NYTT PLANFORSLAG TIL KOMMUNEPLAN

Figur 31 viser storleiken på utbyggingsområder i gjeldande kommuneplan opp mot planforslag til ny kommuneplan for utbygging på dyrka mark, skog og myr. I figur 32 kan vi sjå kva desse areala utgjør i tonn CO2-ekvivalenter om dei vert nedbygd som planlagd. Både nedbygging av dyrka mark, skog og myr vil få betydeleg klimapåverknad. Særleg skog vil ha ein stor påverknad på tonn CO2-ekvivalenter.




FIGUR 31 OMRÅDER VIST I DEKAR TIL UTBYGGING MED SKOG, DYRKA MARK OG MYR I GJELDANDE OG NY KOMMUNEPLAN



FIGUR 32 TONN CO2-EKVIVALENTER FRÅ UTBYGGINGOMRÅDER MED SKOG, DYRKA MARK OG MYR I GJELDANDE OG NY KOMMUNEPLAN.

Industri og næringsliv

Miljødirektoratet sine tal for sektoren «industri, olje og gass» er basert på rapporterte data frå verksemdar som har utslippsløyve innan olje- og gassutvinning og industri. Tala i denne sektoren gir derfor ikkje eit rett bilde på utsleppa frå produksjonsbedriftene i Sykkylven. Miljødirektoratet viser derfor tal frå SSB for eit meir korrekt estimat for Sykkylven. Figur 33 viser SSB sine utslippstal for industrien i Sykkylven. Vi antar, etter å ha vore i kontakt med nokre bedrifter, at dei direkte utslippstala frå all industri i Sykkylven kan vere noko høgare. Vi tek likevel med desse tala som måleparameter som kan brukast for å følgje med på utviklinga.



FIGUR 33 UTSLEPP FRÅ INDUSTRIEN I SYKKYLVEN 2009-2023 (KJELDE: SSB)

Industri og næringsliv spelar ei viktig rolle i det grønne skiftet i Sykkylven. Industrien blir gjennom EU-direktiv dytta over i meir berekraftige løysingar, og må blant anna rapportere på korleis dei jobbar med å redusere klimagassutslepp. I Sykkylven har fleire bedrifter kutta ut fossile prosessar, gått over til fornybar energi og tek bevisste val om meir berekraftige råvarer. Fleire har fokus på å lage produkt med lang levetid som kan gjenbrukast, noko som bidreg til sirkularitet og lågare utslepp over tid.

TEKSTUR er eit prosjekt der Ekornes, Formfin, Slettvoll, Langlo og Byrg kompetanse er med. I dette prosjektet utforskar og testar dei bruk av tekstilavfall og resirkulert tekstilavfall inn i nye produkt. Samarbeidsprosjekt som dette er viktige bidrag på vegen mot lågutsleppssamfunnet i 2050.

Sykkylven er av fylket utpeika som ein av åtte sirkulære hubar i Møre og Romsdal. Dette er eit initiativ som skal vere med på å styrke samarbeid og ressursutnytting i eigen region. Sykkylven som sirkulær hub er per 2025 i ein oppstartsfase, der form og innhald ikkje er heilt definert. Omstillingsprogrammet hjelper til med å få huben i gang, og målet er å få til gode sirkulære løysingar som kjem både industri, næringsliv, kommune og klimaet til gode.

Tema innan klima, miljø og energi som industri og næringsliv har påpeika:

- Tilgang til energi er ein føresetnad for drifta
- Tiltak for smartare energistyring vil vere viktig framover
- For å sikre framtidig energitilgang er det behov for betre nettkapasitet og meir lokal fornybar kraft. Det er nødvendig med langsiktig energiplanlegging, og her kan kommunen spele ei viktig rolle.
- Behov for meir kompetanse på EU-regelverk innan berekraft, både for små og store bedrifter.
- Industrien i Sykkylven har alt å vinne på å spele kvarandre gode.
- Stort potensiale for meir gjenbruk av byggemateriale, møblar og liknande.
- Direkte klimagassutslepp (Scope 1) er enklast å styre. Meir utfordrande når det kjem til utslepp frå verdikjeda (Scope 3), der ein må sette krav til leverandørar både knytt til klimagassutslepp og menneskerettar.
- Miljøsertifisering gjer det enklare å jobbe systematisk med mål og tiltak for klima og miljø.

Energi

Straumproduksjon

Vasskraft er hovudkjelda til elektrisk kraftproduksjon i Sykkylven kommune. I 2023 var årsproduksjonen til Sykkylven Energi AS på 45,1 GWh, med ein ti års gjennomsnittsproduksjon på 51,2 GWh. Sykkylven Energi AS har tre produksjonsanlegg: Riksheim kraftstasjon, Riksheimdalen kraftstasjon og Ramstaddal Kraftstasjon. Desse tre kraftstasjonane produserer i underkant av halvparten av det totale straumforbruket i kommunen.

I tillegg er det tre private småkraftverk som leverer kraft til nettet til Straumen Nett, dette er Brunstad Kraft, Drivdal Kraft og Hatlemark Kraft. Dei har ein samla produksjon på om lag 12,5 GWh i 2023 og 15 GWh i 2024. (Sykkylven Energi, 2025)

Produksjon ved Sykkylven Energi sine anlegg:

	Riksheim Kr.St. [GWh]	Riksheimdal Kr.St. [GWh]	Ramstaddal Kr.St. [GWh]	SUM [GWh]
2014	21,5	17,7	2,4	41,5
2015	31,0	21,5	3,4	55,9
2016	26,8	21,4	3,6	51,8
2017	28,2	21,9	4,1	54,1
2018	25,9	21,6	3,2	50,7
2019	27,6	21,8	3,1	52,5
2020	31,2	19,8	4,0	55,1
2021	24,7	17,7	3,7	46,1
2022	30,4	24,2	3,9	58,5
2023	24,0	17,9	3,2	45,1
Snitt	27,1	20,6	3,5	51,2

FIGUR 34 PRODUKSJON VED SYKKYLVEN ENERGI SINE ANLEGG, 2014-2023 (SYKKYLVEN ENERGI)

FORBRUK FORDELT PÅ KUNDEGRUPPER OG ÅRSFORBRUK 2023				
	Antal abonnentar	% fordeling	Årsforbruk MWh	% fordeling
Bergverksdrift og utvinning	2	0 %	17	0 %
Bygg og anleggsverksemd	55	1 %	1 445	1 %
Div. forsynings- og renovasjonsverksemd	9	0 %	176	0 %
Diverse tenesteyting	343	7 %	14 816	11 %
Hushaldning og fritidsbustadar	4 441	87 %	62 544	48 %
Industri	121	2 %	38 571	30 %
Jordbruk, skogbruk og fiske	74	1 %	1 028	1 %
Transport og lagring	14	0 %	5 069	4 %
Varehandel m.m	75	1 %	5 552	4 %
Sum	5 134	100,00 %	129 219	100 %

FIGUR 35 FORBRUK FORDELT PÅ KUNDEGRUPPER OG ÅRSFORBRUK I 2023 (SYKKYLVEN ENERGI)


TABELL 7 FORBRUK OG LOKAL PRODUKSJON AV STRAUM, 2023 OG 2024 (SYKKYLVEN ENERGI)

Energiforbruk vs lokal produksjon	2023	2024
Straumforbruk Sykkylven (MWh)	129219	126273
Produksjon Sykkylven Energi (MWh)	45100	45 730
Produksjon private småkraftverk (MWh)	12500	14 950
Ekstra behov (MWh)	71619	65 593

Potensiale for utbygging av fornybar energi

Vasskraft

Kartet frå NVE (figur 36) viser oversikt over konsesjonar, avslåtte konsesjonssaker og gjenståande potensiale for vasskraft i Sykkylven kommune per 2025. Gjenståande potensiale er to småkraftverk; Aurdal kraftverk (8,1 GWh) og Løvoll kraftverk (0,82 GWh) markert med grønt i kartet. Utover dette er der fire tidlegare søknader om konsesjon som har blitt avslått. Dette er Øvre Huna kraftverk, Nedre Huna kraftverk, Kroken kraftverk og Gimsdalselva kraftverk.



FIGUR 36 OVERSIKT OVER KONSESJONAR, AVSLÅTTE KONSESJONSSAKER OG GJENSTÅANDE POTENSIALE FOR VASSKRAFT I SYKKYLVEN KOMMUNE (NVE)

Solkraft

Det er installert åtte private solcelleanlegg på hustak i Sykkylven kommune per 2025. Desse leverte 12,97 MWh inn i distribusjonsnettet i 2024 i tillegg til eigenforbruket i bustadane.

Vindkraft og biogass

Det er per i dag ingen kjente planar for utbygging av vindkraft eller biogassanlegg i Sykkylven kommune.

Energieffektivisering og strategiar for grøne bygg i Sykkylven kommune

Eit viktig grep for å redusere energibruken er å oppgradere bygningsmassane til eit meir energieffektivt nivå.

Sykkylven kommune har siste åra arbeid systematisk med oppgradering av kommunale bygg. Dette gjennom både oppgradering av eldre bygg, og bygge nye som stettar godt nye krav. Til oppvarming har kommunen satsa på varmepumpeteknologi med grunnboring, då det er svært gode erfaringar frå det første anlegget, som vart sett i drift på Sørestranda skule.

Sidan har denne teknologien blitt nytta både på nye Aure barneskule, BUAS og no på helsehuset. Ein må og erkjenne at det er lettare å planlegge og få god effekt i nye prosjekt. I Storhallen vart det valt luft/vatn løysing, som og vart svært vellukka. Det er omlegginga frå el-kjel oppvarming til varmepumpe som gir oss størst gevinst. Det som står igjen av større bygg er ungdomsskulen og kulturhus med symjehall.

Sykkylven kommune har nytta seg av tilskotsordninga frå ENOVA, men store delar av investeringa må takast frå eige budsjett. Det er gjennomført ein analyse av kva ein kan få produsert av straum gjennom solceller på dei sørvendte taka på ungdomsskulen. (Det er estimert til 170 000 KWt.) Analysen viser at det bør innførast varmepumper for den delen av bygget som i dag har vassboren varme før ein går på solcelleinvesteringa.

Skifting av vindauge har også mykje å seie for varmebehovet, og det har vore gjort siste åra både på rådhuset og det nye bibliotekbygget. Dette tiltaket merkast godt på straumforbruket på rådhuset.


Samling av funksjonar til færre bygg er eit grep for å få ned energibruken. Det å ha frivilligsentral, Skaparlinken og biblioteket i same bygg, er eit godt døme på dette.

Sykkylven er i dag av dei kommunane i Møre og Romsdal som brukar minst energi på oppvarming. Det er likevel viktig at vert gjort tiltak kvart år for stadig kunne ta forbruket ned.

Kommunen har nytta ordninga med «Grønne lån» både ved nye Aure barneskule (massivtre), og helsehuset, som er gjenbruk av eit eldre bygg.


Figur 37 viser at Sykkylven ligg lågt i forhold til samanliknbare kommunar når det kjem til energiforbruk i kommunale bygg. Tala er frå 2024. I figur 38 ser vi ei positiv utvikling for Sykkylven frå 2018-2024, der energibruken i kommunale bygg går jamt nedover.

13231: Energibruk i kommunal eiendomsforvaltning, 2020-kommunestruktur, etter region. Alle energityper, Energibruk (MWh), Formålsbygg, kommune, 2024.



FIGUR 37 ENERGIBRUK I KOMMUNALE BYGG I 2024, SAMANLIKNBARE KOMMUNAR I MØRE OG ROMSDAL (SSB)

13231: Energibruk i kommunal eiendomsforvaltning, 2020-kommunestruktur, etter år. Sykkylven, Formålsbygg, kommune, Alle energityper, Energibruk (MWh).




FIGUR 38 ENERGIBRUK I KOMMUNALE BYGG I SYKKYLVEN 2018-2024 (SSB)

Elektrisitet

Kommunen jobbar med å skifte ut eldre gatelys til LED lys. Frå 2025 vert det gått over til LED når lysa ikkje lenger fungerer. Tidlegare var det skifta lyspærer, sjølv om det var gammal energikrevjande teknologi. Det er inntil vidare stoppa oppsett av nye lyspunkt, då kommunen brukar midlane som er til rådvelde til å oppgradere eksisterande lys til LED.

Oppvarming



FIGUR 39 UTSLEPP FRÅ ULIKE OPPVARMINGSKJELDER I SYKKYLVEN 2009-2023 (MILJØDIREKTORATET)


Vi ser av figur 39 at bruken av fossil olje til oppvarming er svært låg i Sykkylven, og vedfyring er dominerande oppvarmingskjelde.

2609 fastbuande betalte feieavgift i 2024. Talet inkluderer nokre få industribedrifter også, men hytter og fritidsbustadar er ikkje med i desse tala. Tilstanden på vedomnane er ikkje kartlagt, men det har vore bytta ut mange omnar sidan det vart krav om reintbrennande eldstader i 1998. Mange brukar i dag også varmepumper.

Det at vedfyring står for den største delen av utsleppa knytt til oppvarming i Sykkylven er ikkje nødvendigvis negativt. I større byar kan vedfyring vere eit bidrag til auka luftforureining. I Sykkylven har ikkje dette vore eit problem. Men for at vedfyring skal vere miljøvenleg må ein fyre på rett måte, og med reintbrennande omnar som dei fleste har i dag. Feiarvesenet gir råd om rett fyring. Ved kan elles vere ei god energikjelde å bruke for å frigjere elektrisk kraft til andre føremål enn oppvarming (SINTEF, 2021).

Klimarekneskap for kommunen si eiga verksemd

Ved hjelp av verktøyet Klimakost har kommunen utarbeidd klimarekneskap for eiga verksemd for 2024 og 2023. Dette skal brukast i åra framover for å måle utviklinga i klimagassutslepp frå ulike sektorar. Det gir også grunnlaget for å rekne ut framskrivingar av klimagassutslepp, og estimere effektar av tiltak i klimabudsjettet. Klimarekneskapen inkluderer både direkte og indirekte utslepp. Vi ser i figur 40 at bygg står for størstedelen av klimagassutsleppa i 2023, medan i 2024 er kjøp av tenester den største utsleppskjelda frå eigen drift, med bygg på andre plass. Årsaka til at dette har endra seg, er bygginga av Aure barneskule, som stod ferdig i 2023. I 2024 har det også vore fleire byggeprosjekt, men då med ombruk av eksisterande bygg.



FIGUR 40 KLIMAGASSUTSLEPP FRÅ SYKKYLVEN KOMMUNE DRIFT, 2023 OG 2024 – DIREKTE OG INDIREKTE UTSLEPP.

Sykkylven kommune som ansvarleg innkjøpar

Kjøp av varer og tenester er den største bidragsytaren til klimagassutslepp frå kommunal drift, med bygg på andre plass. Kjøp av varer og tenester viser til indirekte utslepp, altså at dei faktiske klimagassutsleppa skjer ein annan stad enn innanfor Sykkylven kommune si eiga verksemd. Vi ser at innkjøp spesielt, men også byggeverksemd, er viktige felt å fokusere på når kommunen som bedrift skal redusere sine direkte og indirekte klimagassutslepp. Gjennom innkjøp kan vi bidra til å utslppsreduksjon ved å stille krav til leverandørar, og ta bevisste val når vi kjøper varer og tenester. Og sjølv sagt er det dei innkjøpa vi **ikkje** gjer som gir størst gevinst både for klima og økonomien.

Sykkylven kommune forhold seg til lov og forskrift om offentlege anskaffingar, der det frå 01.01.2024 er krav om at klima- og miljøomsyn skal vektast med minimum 30 % i alle anskaffingar. Alternativt kan det stillast klima- og miljøkrav i kravspesifikasjonen, dersom det er klart at dette gir ein betre klima- og miljøeffekt.

Innkjøpsstrategien til Sykkylven kommune seier mellom anna at vi skal vere ein føregangskommune for klimavennlege innkjøp i regionen. Kommunen skal bruke innkjøp som eit strategisk verkemiddel for å redusere klimagassutslepp og negativ miljøpåverknad, og aktivt påverke leverandørmarknaden til å bli meir berekraftig.

Sykkylven kommune har eit bevisst forhold til klima og miljø, og jobbar systematisk for å bli ein «grønare» kommune. Til dømes blir det kvart år sendt ut oppdragsbrev frå kommunedirektøren til tenesteområda, der eit av hovudmåla som står seg frå år til år er at «Klima og miljø er ein integrert del av drifta og samfunnsutviklinga i Sykkylven kommune».

Klimafotavtrykk frå innbyggjarane i Sykkylven

Vi har ikkje spesielt gode data på klimafotavtrykket til innbyggjarane i Sykkylven. Per i dag er Folkets Fotavtrykk det beste estimatet vi har for å seie noko om klimafotavtrykket for gjennomsnittsinbyggaren i Sykkylven.


[Folkets Fotavtrykk](#) har som mål å gi kommunar og fylkeskommunar oversikt over fotavtrykket til sine innbyggjarar, og dermed gi eit utgangspunkt for klimaplanar på indirekte utslepp. På sikt vil det komme verktøy for å gjere analysar av moglege tiltak, og ein tidsserie av fotavtrykk for å kontinuerleg sjekke status. Eit breitt offentleg-privat samarbeid ligg til grunn for Folkets Fotavtrykk, og tala blir kontinuerleg oppdatert med fleire og betre datakjelder. Folkets Fotavtrykk er utvikla med midlar frå Forskingsrådet, i samarbeid med Asplan Viak og TietoEvry.

I 2025 er årleg klimafotavtrykk for ein gjennomsnittleg innbyggjar i Sykkylven på 13,3 tonn CO₂-ekvivalentar. Dette er litt høgare enn nasjonalt gjennomsnitt på 12,6 tonn CO₂-ekvivalentar.

Figur 41 viser Sykkylven samanlikna med landsgjennomsnittet for dei områda som blir målt.

Årleg fotavtrykk for en gjennomsnittlig
innbygger i det valgte området:

13,3 tonn CO₂e



FIGUR 41 ESTIMERT ÅRLEG FOTAVTRYKK FOR EIN GJENNOMSNTTLEG SYKKYLVING SAMANLIKNA MED EIN GJENNOMSNTTLEG NORDMANN I 2025 (FOLKETS FOTAVTRYKK)

Referanseliste

- Folkets fotavtrykk (2025) *Folkets fotavtrykk Sykkylven* [Folkets Fotavtrykk](#)
- Landbruksdirektoratet (2025) *PT-900 Antallstatistikk*
- NIBIO (2025) *Arealbarometer for Sykkylven*. [Arealbarometer - Sykkylven](#)
- Norsk elbilforening (2025) *Statistikk elbil* [Statistikk elbil - Norsk elbilforening](#)
- NVE (2025) *NVE Temakart* [NVE Vannkraft utbygd og ikke utbygd](#)
- Miljødirektoratet (2025) *Utslipp av klimagasser i Norges kommuner og fylker*. [Utslipp av klimagasser i Norges kommuner og fylker - miljødirektoratet.no](#)
- Miljødirektoratet (2025) *Utslipp og opptak av skog og arealbruk*. [Utslipp og opptak fra skog og arealbruk: For kommune - miljødirektoratet.no](#)
- Miljødirektoratet (2018) *Faktaark M-1117 2019: Virkninger av 1,5 °C global oppvarming*. [m1117.pdf](#)
- Regionalt miljøprogram (RMP) (2023) *Regionalt miljøprogram for Møre og Romsdal 2023-2025*. [regionalt-miljoprogram-2023-2026---more-og-romsdal.pdf](#)
- Regjeringen (2025) *Klimamelding 2035 – På vei mot lavutslippssamfunnet* [Meld. St. 25 \(2024–2025\)](#)
- SINTEF (2021) *Vedovner og vedfyring*. [Vedovner og vedfyring – Hvordan sikre hygiene, varmekomfort og miljø- og klimavennlighet – SINTEF-blogg](#)
- Statens Vegvesen (2025) *Ferjestatistikk* [Ferjestatistikk | Ferjedatabanken](#)
- Statens Vegvesen (2025) *Trafikkdataportalen*. [Trafikkdata | Sykkylven](#)
- Statistisk sentralbyrå SSB (2025) *Kommunefakta*. [Kommunefakta – SSB](#)
- Statsforvaltaren (2025) E-post-utveksling med fylkesskogmeister Odd Løset 6.juni
- Svensson, A. og Dalen, L. S. (2021). *Bærekraftig skogbruk i Norge*. Norsk institutt for bioøkonomi. [Home — Bærekraftig skogbruk i Norge](#)
- Sykkylven Energi (2025) *Årsmelding/rekneskap 2023*. [46DC1BFCA94742809A5C8BFFC9756A73.pdf](#)